

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 26.06.2018
Vår ref.: 2018/8051-4
Saksbehandlar: nilelde
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø - fv. 169 - gnr. 89 bnr. 241 - Øvre Titlestad i Bergen kommune

Vi viser til dykkar brev av 27.2.2018 i høve nemnde sak. Klagenemnda fatta den 19.6.2018 følgjande vedtak i saka:

"Klaga vert teken til følgje. Det vert vist til at nemnde tiltak ikkje gjev vesentleg endra trafikkbilete."

Vedlagt følgjer utskrift av saksprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Nils Tore Eldegard
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2018/8051-2
Saksbehandlar: Nils Tore Eldegard

Saksframlegg

Saksgang

Klagenemnda 29/18 19.06.2018

Klagenemnda 19.06.2018

Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsla - fv. 169 - gnr. 89 bnr. 241 - Øvre Titlestad i Bergen kommune

Samandrag

Statens vegvesen (SVV) har ikkje tatt klage over vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsla fv. 169 – gnr. 89 bnr. 241 til følgje. Klagenemnda er klageinstans og skal fatte endeleg vedtak i denne saka.

SVV har grunngjeve avslaget med at avkøyrsla ikkje oppfyller dei tekniske krava. Det vert i avslaget lagt vekt på at avkøyrsla er for bratt, slik at det er fare for at køyretøy skal skli ut i vegen ved glatte forhold. I tillegg vert det vist til at søkt løysing med etablering av ei dreneringsrenne med køyresterk rist ikkje oppfyller krava til handtering av overflødig vatn. Fylkesrådmannen er samd i SVV sin vurdering om at klagars søknad ikkje er i tråd med tekniske krav, og meiner omsynet til trafikktryggleik må vektleggjast.

Økonomi: Ingen verknad.

Klima: Ingen verknad.

Folkehelse: Ingen verknad.

Regional planstrategi: Ingen verknad.

Forslag til vedtak

Klage av 20.11.2017 på SVV sitt vedtak av 16.10.2017 vert ikkje tatt til følgje.

Saksprotokoll i klagenemnda - 19.06.2018

Tor- André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Klaga vert teken til følgje. Det vert vist til at nemnde tiltak ikkje gjev vesentleg endra trafikkbilete.»

Røysting

Ljosland sitt forslag vart vedteke med 3 røyster (Krf, H,Frp) mot 2 røyster (A,SV) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Vedtak

Klaga vert teken til følgje. Det vert vist til at nemnde tiltak ikkje gjev vesentleg endra trafikkbilete.»

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.05.2018

1. Bakgrunn

Torbjørn Røssland (klagar) søkte Bergen kommune om å bygge bustad på eigedomen (gnr. 89 bnr. 241 i Bergen kommune). Kommunen avslo søknaden den 2.2.2015. Avslaget vart klaga på, og Bergen kommune omgjorde avslaget og gav 8.1.2016 rammeløyve for nybygg på vilkår av mellom anna avkøyringsløyve frå SVV om utvida bruk av avkøyrsløve frå fv. 169 til eigedomen.

Saka hadde tidlegare i søknadsprosessen vore til førehandsfråsegn hos SVV. I brev av 27.3 2014 til Bergen kommune gav SVV fråsegn om at avkøyrsløve ikkje fylte gjeldande krav til teknisk utforming. Det vart vist til at avkøyrsløve er utflytande og at den heller bratt mot fylkesvegen. Det vart difor gjeve melding om at det må påreknast vesentlig utbetring av avkøyrsløve før det eventuelt kan gjevast tillating til utvida bruk av den.

I brev av 30.11.2016 søkte klagar til SVV om utvida bruk av avkøyrsløve til eigedomen. I brev av 25.1.2017 opplyste SVV at det var vesentlege manglar ved avkøyrsløve, og informerte om at søkar kunne kontakte vegfagleg kompetanse for å undersøke om det var mogleg å utbetre avkøyrsløve i samsvar med SVV sine krav. I brev av 23.8.2017 sendte klagar v/ Haugen VVA inn tekniske teikningar som skulle leggast til grunn for vurdering av søknaden. SVV avslo søknaden i brev av 16.10.2017 da teikningane ikkje tilfredsstilte tekniske krav til utforming. I brev av 20.11.2017 har klagar klaga på dette vedtaket.

2. SVV sitt vedtak

SVV fatta den 16.10.2017 vedtak om avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløve frå fv. 169 til gnr. 89 bnr. 241.

Vedtaket vart grunngjevne med at SVV har lagt vekt på framkomsttilhøve og trafikktryggleikt på vegen det er søkt utvida bruk av avkøyrsløve frå. Det vert av SVV vist til at problema med stigninga i avkøyrsløve tidlegare har vore påpeika og at den søkte løysinga ikkje viser forbetring av stigningsforholda. Det vert vist til at stigninga vil utgjere ein risiko for høg fart ut i avkøyrsløve og at ein kan skli ut i fylkesvegen ved glatt vegbane. SVV viser til at tiltak som kan forbetre situasjonen er ei omlegging av tilkomstvegen i ein sving som vil gjere avkøyrsløvet flatare.

Vidare vert det av SVV gjort gjeldande at klagars forslag til dreneringsrenne med køyresterk rist er eit forslag som ikkje kan godkjennast. Det vert vist til at slike renner fort vert tetta igjen og difor er ei kortsiktig løysing som er krevjande å vedlikehalde. Det vert vist til at krav til drenering følgjer av "*forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg*", kor det er slått fast at det skal leggast røyr under avkøyrsløve med diameter på minimum 30 mm. Det vert også vist til at ein krev etablering av kummer dersom vatnet ikkje kan leiast ut i sideterrenget.

SVV slo på bakgrunn av dette fast at dei føreslåtte utbetringane ikkje er tilstrekkelege til at ein kan akseptere utvida bruk av avkøyrsløve.

3. Klagen

Klaga v/ Geir Røssland har i brev av 20.11.2017 klaga på vedtaket og ber om at dei føreslåtte endringane vert akseptert og at saka vert handsama likt som dei andre eigedomane på bustadfeltet på Øvre Titledstad. Det vert av klaga gjort gjeldande at handsaminga er ei grov forskjellshandsaming i like saker. Det vert påpeika på at da bnr. 241 fekk igangsetjingsløyve i februar 2009, vart det gjeve byggjeløyve til nabotomta bnr. 245. Det vert vist til at dette nabobygget i løpet av prosessen fekk godkjent eit separat utleigehusvære i underetasjen i 2008. Klaga gjer på bakgrunn av dette gjeldande at det er urimeleg at bnr. 241 vert nekta løyve til å byggja ei buening grunna tilhøve med felles avkøyrsløve.

Klagar viser også til at den søkte avkøyrsla ikkje er opplevd å være bratt, og at det ikkje er tale om ei stor endring av profilet som må til for å tilfredsstille kravet. Det er likevel slik at tiltaket er praktisk og privatrettsleg utfordrande mellom anna på grunn av kostnaden.

4. SVV si vurdering av klagen

SVV avviser klagars merknad om usakleg forskjellshandsaming. Det vert vist til at SVV sidan 2006 har vore negativ til utforminga av avkøyrsla når dei har fått slike saker til handsaming etter veglova. Det vert vist til fråsegn frå SVV i brev av 13.2.2006 der dei peikar på at det følgjer av vegnormalen at avkøyrslar med fleire enn sju bustader må dimensjonerast som eit vegkryss. Vidare vert det vist til fråsegn i brev av 27.3.2014 kor det følgjer at SVV er negative til ein dispensasjon og at søkar må forvente krav om vesentleg utbetring av avkøyrsla.

Når det gjelder klagars merknad om at nabotomta (bnr. 245) fekk tillating i 2009 viser SVV at dei aldri fekk denne saka på høyring frå Bergen kommune, og at kommunen må svare for handsaminga av saka den gangen. SVV viser til at dei har vore konsekvent i haldninga til denne avkøyrsla frå 2006, og at SVV si handsaming har vore føreseieleg. SVV avviser også klagars merknad om at det vart gjeve løyve til utleigehusvære på bnr. 245 i 2008. SVV viser til at dei ikkje har fått ei slik sak til handsaming etter veglova, eller til fråsegn etter plan- og bygningslova frå Bergen kommune. SVV viser til at klagar ikkje har dokumentert denne påstanden.

SVV viser vidare til at dei har vore tydeleg på krav til utforming av denne avkøyrsla i lang tid, og at det i alle avkøyrslasaker er ein føresetnad at søkar må avklare privatrettslege forhold. SVV viser til at vegen ikkje tilfredsstiller dei tekniske krava til ei avkøyrsla, og at dei av omsyn til framkome og trafikktryggleik må avslå søknaden.

5. Fylkesrådmannen si vurdering

Det vert av klagar gjort gjeldande at han er utsatt for usakleg forskjellshandsaming i denne saka. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at denne merkningen kan føre fram. SVV har dokumentert at dei i si sakshandsaming har vore konsekvent og føreseieleg i spørsmål om denne avkøyrsla. SVV har ved fleire høve gjeve uttrykk for at dei meiner denne avkøyrsla ikkje tilfredsstiller dei tekniske krava og at det må påreknast vesentleg utbetring av denne før godkjenning kan gjevast.

Dersom Bergen kommune har godkjent tidlegare byggjesaker utan å ha sendt avkøyrsl spørsmålet på høyring til SVV, er dette ein sakshandsamingsfeil av kommunen som ikkje kan lastast SVV. Det er på det reine at ein sakshandsamingsfeil gjort av eit forvaltningsorgan ikkje binder same organet i framtidige avgjersler om tilsvarende saker. I dette tilfellet er det tale om ein eventuell sakshandsamingsfeil av eit anna forvaltningsorgan. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette skal være bindande for SVV si handsaming av saker om denne avkøyrsla. Fylkesrådmannen finner på bakgrunn av dette at klagar ikkje har vore utsatt for usakleg forskjellshandsaming av SVV.

Fylkesrådmannen er vidare samd i SVV sin konklusjon om at klagars løysing ikkje er i tråd med tekniske krav til avkøyrsla da den ikkje oppfyller kravet til stigning, samt at søkt løysing for overflødig vatn ikkje er tilfredsstillande. Fylkesrådmannen deler SVV sitt syn om at dei tekniske krava til utforminga av avkøyrsla må være oppfylt, og ser ingen haldepunkt for å legge til grunn eit lempelegare skjøn i denne saka.

Fylkesrådmannen finner vidare at SVV sitt vedtak både er grundig og utfyllande grunngjeve, og vi meiner SVV har lagt vekt på relevante omsyn i saka. Fylkesrådmannen er samd i at omsynet til trafikktryggleik må vege tungt i avkøyrslasaker, og vil vise til at nullvisjonen er nedfelt både i Nasjonal Transportplan og i Regional Transportplan.

Fylkesrådmannen rår at klage av 20.11.2017 over SVV sitt vedtak av 16.10.2017 ikkje vert tatt til følge.